

Vår dato                      Vår referanse  
30.6.2017                    17/00999-1

Dykkar dato                Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Saksbehandlar:  
Siv Bianca Kjosås

Ørjan Raknes Forthun

# Varsel om tilsyn - Universell utforming av IKT - Lindås kommune

## Tilsyn

Tilsyn for universell utforming av IKT varslar med dette om tilsyn med Lindås kommune. Tilsynet gjeld nettstaden dykkar <https://www.lindas.kommune.no/>. Varselet omfattar både hovuddomene og eventuelle sub-domene av nettstaden.

Tilsynet er ein del av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Vi har ansvaret for å kontrollere om nettstadar og automatar som er **nye eller vesentleg oppdatert etter 1. juli 2014**, er universelt utforma.

**Nettstaden er ny dersom avtalen om nettstaden er inngått, eller intern kravspesifikasjon er datert 1. juli 2014 eller seinare.** Tilsvarande gjeld om det er gjort vesentlege endringar av brukargrensesnittet etter same tidspunkt.

Rettsgrunnlaget for tilsyn er diskriminerings- og tilgjengelegheitslova § 29 første ledd, jf. § 14 og forskrift om universell utforming av IKT-løysingar § 5. På nettstaden vår [uu.difi.no](http://uu.difi.no) finn de meir informasjon om tilsynet og regelverket.

## Viktige tidspunkt

Frist for å sende relevant dokumentasjon er torsdag **24. august**.

Felles formøte i Bergen er planlagt torsdag **31. august kl. 10:00 – 12:00**. Tilsynet er planlagt gjennomført i veke 35 – 36, og verifikasjonen startar fredag **1. september**.

Vi ber om **stadfesting** på at varselet er motteke, og om tidspunkta høver for dykk, innan fredag **7. juli**.

Dersom tidspunkta ikkje høver, må vi få melding om det snarast råd. Det er opp til dykk å vurdere kven og kor mange som skal delta på formøtet.

## Tema for tilsynet

Tilsynet med nettstaden omfattar følgjande tema

- skjema
- navigasjon
- tastaturnavigasjon
- koding av innhald
- struktur og presentasjon
- tekstalternativ

## Slik blir tilsynet gjennomført

Tilsynet blir gjennomført som ettersyn. Det inneber at vi hentar inn og går gjennom dokumentasjon, har møte og testar/verifiserer delar av nettstaden opp mot krava til universell utforming.

Tilsynet startar med eit felles **formøte i Bergen** for kommunane Askøy, Lindås og Os.

Vi presenterer tilsynet, føremålet med regelverket, tema for tilsynet og hovudinnhaldet i krava som skal undersøkast. Vidare seier vi noko om praktiske rammer for gjennomføringa og tilsynsrapporten.

Tilsynet ber om at tilsette som arbeidar med nettstaden, gjerne både teknisk og redaksjonelt, deltek på møtet. Det er ønskjeleg at leiinga deltek på første del av formøtet. Andre tilsette kan og delta.

Deretter testar/verifiserer tilsynet nettstaden til kommunen. Vi ber om at kontaktperson er tilgjengeleg på telefon for eventuelle spørsmål. Utover det er verksemda ikkje involvert i verifikasjonsfasen.

Tilsynet og resultatet blir summert i ein **tilsynsrapport**. Tilsynsrapporten er eit offentleg dokument. Endeleg rapport blir publisert på nettstaden vår [uu.difi.no](http://uu.difi.no).

## Kontaktperson i verksemda

Vi ber om at det blir **utpeika ein kontaktperson** i Lindås kommune. Kontaktpersonen bør ha godt oversyn over organiseringa av verksemda og særleg tilhøve knytt til nettstaden.

## Dokumentasjon

Vi ber om at de innan torsdag **24. august** sender oss dokumentasjon som de har og som de meiner er eigna til å visa om nettstaden er universelt utforma. Det er ikkje nødvendig å utarbeida ny dokumentasjon for tilsynet. Aktuell dokumentasjon kan vera

- datert og signert kontrakt eller datert kravspesifikasjon for nettstaden dersom den er eigenutvikla
- oversyn over topp 15 mest brukte tenester og sider på nettstaden
- informasjon om standardar som er brukt på nettstaden
- oversyn over innhald og malar for nettstaden
- testar og resultat knytt til universell utforming av nettstaden
- oversyn over kjente feil knytt til universell utforming av nettstaden
- plan for feilretting knytt til universell utforming av nettstaden

Vi gjer merksam på at kommunen har dokumentasjons- og opplysningsplikt til tilsynet, jf. forskrifta § 5. Dersom de sender dokumentasjon de meiner er teiepliktig, ønskjer vi at dokumentasjonen er tydeleg merka som det. Difi kan ta imot alle vanlege dokumentformat.

Tilsynet blir gjennomført av Dagfinn Rømen, Geir Sindre Fossøy, Siv Bianca Kjosås og Sindre Säfvenbom.

Siv Bianca Kjosås er **kontaktperson** og leiar gjennomføringa av tilsynet, og kan nåast på e-post [sbk@difi.no](mailto:sbk@difi.no) eller mobil 402 11 616. Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål til tilsynsvarselet.

Med helsing  
Tilsyn for universell utforming av IKT

Malin Rygg  
tilsynsleiar

Siv Bianca Kjosås  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi til:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø

Lindås kommune

Silje Andvik Hoaas

Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø